

Svar på høyring om endring i barnehagelova med frist 13.10.2017.

Generelle kommentarar:

Høyringsnotatet tar opp mange av dei utfordringane vi har i sektoren i dag. Ny forsking viser at forholda i sektoren ikkje er like gode på alle områder. Det er spesielt knytt otte til korleis dei yngste barna blir møtt i barnehagen, som mange startar før dei er fylt eit år. Vi meiner det er helt avgjerande at alle barn som begynner i barnehage får ei trygg og god tilvenning. Dette krev at vi har nok kompetente vaksne, og at gruppene ikkje er for store.

Vi støttar difor dei som ønsker ei nasjonal norm der minst 50% av de tilsette er barnehagelærarar, og ei bemanningsnorm i tråd med det «Barnehagelovutvalget» ga tilråding om i si utredning. Dette må forankrast og lovfestast i barnehagelova.

Barnehagesektoren har nettopp fått ein ny rammeplan med eit tydeligare samfunnsmandat. Dersom vi skal lykkast med ei god implementering i alle barnehagar, må vi få på plass ei barnehagelærarnorm, i tillegg til ei bemanningsnorm.

Alle barn har rett på en god barnehageplass. I Norge går over 90 % av alle barn i barnehage. Barnehagelova skal bidra til at barna får eit likeverdig pedagogisk tilbod. Vi må difor få lovfesta kor mange barn det skal være per vaksen og kor mange barn ein barnehagelærar kan ha ansvar for.

Ut over dette vil vi også støtte følgjande:

- Ny grunnbemanningsnorm må gjelde heile opningstida
- Ny barnehagelærarnorm må styrkast i tråd med forslaget frå barnehagelovutvalget
- Det bør innførast ein bestemmelse om gruppestørrelse i lova

1. Grunnbemanning

Ørsta kommune meiner at dagens regelverk ikkje sikrar barna eit likeverdig barnehagetilbod. Vi støtter også presiseringa om at barn skal reknast for å være tre år frå og med august det året dei fyller tre år. Dette vil sikre at dei minste barna får den vaksentettleiken dei har behov for og at barna får meir kontinuitet og stabilitet i sin barnehagekvardag. Vi støtter også at grunnbemanningsnorma gjeld tilsette som arbeidar direkte med barna.

Gruppestørrelse

Ørsta kommune meiner det er viktig at barnegruppa/avdelinga/basen ikkje må være for stor. God organisering er avgjerande for kvaliteten på omsorgs-, leike- og læringsmiljøet i barnehagen, og vi har gode grunnar til å hevde at storleiken på gruppa er svært viktig.

Tal på relasjonar må være handterlig både for barna og personalet. Tal på barn i gruppa påverkar relasjonane, både mellom barna og mellom barn og vaksne. Det må leggast til rette for grupper som gjer det mulig for personalet å samhandle med barna på en god måte.

Barnehagen si opningstid

Ørsta kommune meiner at ei grunnbemanningsnorm må gjelde i hele opningstida. Vi har tidligare i høyringa kommentert at det går ein stor del yngre barn i barnehagen. Disse treng tett oppfølging heile dagen, ikkje berre delar av dagen.

Leiing i barnehagen.

Styrar er i lov og rammeplan gitt det daglige ansvaret pedagogisk, personalmessig og administrativt. Dette må gjerast tydeligare og knytast opp mot tal på årsverk i barnehagen. Det må være ein styrer i kvar barnehage.

2. Forskriftskrav til pedagogisk bemanning

Det er avgjerande for barnehagens innhald og kvalitet at andelen barnehagelærarar vert auka. Ei auka barnehagelærarnorm er nødvendig for å etterleve krav i den nye rammeplanen. Det er viktig at det vert gjort tydelig at norma er eit minimum.

Det er på tide å lovfeste ei barnehagelærarnorm på minst 50 prosent nå.

Alle barnehagane i Norge har det same samfunnsmandatet gjennom lov- og rammeplan, men driftsgrunnlaget til den enkelte barnehage varierer veldig. I tillegg til at dette får betydning for korleis barnehagane vil greie å realisere mandatet, fører dette til at mange små private barnehagar vel å legge inn årane.

Dette kan igjen føre til at det mangfaldet vi har hatt er i ferd med å bli snevra inn.

Barnehagesektoren må få på plass en ny tilskotsmodell så snart som mulig, både for å ta vare på alle, og for å auke mulighetene til utvikling av god kvalitet i alle barnehagar.

Ørsta 13.10.2017

Reidun Mo, seksjonsleiar barnehage, Ørsta kommune

